

# Levekårsutvalet – reglement

## 1. Formål

Levekårsutvalet er oppretta av kommunestyret i medhald av kommuneloven § 5-1 d)

Levekårsutvalet er hovudutval for helse, pleie og omsorg, skule, barnehage og kultur og fritid og skal handsame saker innan desse områda.

Levekårsutvalet er Bykle kommune sitt politiske likestillingsutval. Likestillingsutvalet skal fremje likestilling, mangfald og inkludering og hindre diskriminering.

## 2. Val og samansetting av utvalet

Levekårsutvalet har 7 medlem og 7 varamedlem valt av kommunestyret for den kommunale valperioden.

Valet blir halde som forholdsval når minst eitt medlem krev det, elles som avtaleval jf. kommuneloven § 7-4.

Kommunestyret vel leiar og nestleiar ved fleirtalsval.

## 3. Arbeids- og ansvarsområde

Utvalet har avgjerdsmyndigheit innan sine fagfelt, i tråd med vedteke delegeringsreglement.

Utvalet skal innstille til kommunestyret i saker som utvalet ikkje har mynde til å fatte vedtak.

Utvalet har som arbeidsområde dei sakene som gjeld:

- Helse
- Pleie og omsorg
- Kultur og fritid
- Skule/undervisning
- Barnehage

Unnateke er dei oppgåver som i medhald av lov, forskrift, reglement eller avtale er lagde til andre organ eller til kommunedirektøren jf. delegeringsreglementet.

Levekårsutvalet er kommunen sitt politiske likestillingsutval.

## 4. Vedtaksmynde

Utvalet fattar vedtak innanfor dei rammer og retningsliner som er fastlagde i lov, gjeve i medhald av lov/forskrift eller gjennom vedtak i kommunestyret, jf. delegeringsreglementet, sjå vedlagte liste.

## 5. Uttalerett

Utvalet har uttalerett innanfor dei rammer og retningsliner som er fastlagde i lov, gjeve i medhald av lov/forskrift eller gjennom vedtak i kommunestyret, jf. delegeringsreglementet.

## 6. Reglar for saksførebuing og gjennomføring av møte

Levekårsutvalet følgjer dei generelle reglane som gjeld for saksførebuing og for gjennomføring av møte.

## Vedlegg

### Vedtaksmynde:

- Godkjenning av barnehagar
- Alkohollova, § 1-9 kontroll av sals- og skjenkeløyve
- Driftsstønad til forsamlingshus
- Tildeling av LIM-midlar

### Uttalerett:

Alle planar som femner utvalet sitt arbeids- og ansvarsområde:

Alkoholpolitisk handlingsplan	
Barnehagepolitisk plan	
Barn og unges plan	
Budsjett og økonomiplan	
Bustadpolitisk handlingsplan	
Helse og omsorgsplan	
Rusmiddelpolitisk handlingsplan	
Kommunal alkoholpolitisk handlingsplan	Alkohollova § 1-7 d)
Kommuneplan for tur- og skiløyper	
Kulturpolitisk handlingsplan	
Kulturminneplan- tiltaksprogram	
Kommunal planstrategi	Lov om Planlegging og byggesaksbehandling § 10-1
Kommuneplan, kommunedelplan, områdeplan	
LIM-plan	
Områderegulering	Lov om Planlegging og byggesaksbehandling § 12-2
Planforslag	Lov om Planlegging og byggesaksbehandling § 11-14
Reguleringsplanforslag	Lov om Planlegging og byggesaksbehandling § 12-10
Trafikksikkerhetsplan	
Tverrfagleg samhandlingsplan barn og unge	
Fordeling av kulturmidlar, til lag og organisasjonar	
Utviklingsstipend	

- Alkohollova §§ 3-7 og 4-4 Fastsetting av sals- og skjenketider, samt søknad om endring av desse
- Alkohollova § 1-6 Løyveperiode,
- Alkohollova §1-7 Sals- og skjenkeløyve
- Alkohollova § 1-8, jf. § 1-12 Inndraging av løyve
- Oppretting av faste underutval med heimel i kommuneloven.
- Samarbeid mellom kommunar og regionale helseføretak mv. jf. Lov om kommunale helse og omsorgstjenester §6
- Finansiering og egenbetaling jf. Lov om kommunale helse og omsorgstjenester kap. 11
- Folkehelse, Lov om folkehelsearbeid
- Lov om folkebibliotek, Fastsetjing av reglement § 4
- Målform i grunnskulen
- Lov om Planlegging og byggesaksbehandling
  - § 3-3 3. avsnitt Kommunestyret skal sørge for å etablere en særskilt ordning for å ivareta barn og unges interesser i planlegginga
  - § 28-7. Den ubebygde del av tomta. Fellesareal
- TEK17 kap. 12
  - § 12-1 Krav til planløyving og universell utforming av byggverk

- Vedtekter for kommunale barnehagar
- Vedtekter for skulefritidsordning jf. Opplæringsloven § 13-7 3. ledd
- Lov om likestilling og forbod mot diskriminering
- Andre saker som har eller kan ha betydning for utvalet sitt fagområde.

Korrigert reglement k. styresak 132/20, 24.09.20.